

HANDLINGSPLAN - 2020

- Prioriterte tiltak for Overordna samarbeidsutval i lokalsjukehusområdet

- Samarbeidsutvalet for Bergen kommune
- Samarbeidsutvalet for Nordhordland
- Samarbeidsutvalet for Bergensregionen
- Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde

Område	Tiltak	Tidsramme	Status, pr. september
Oppfølging av samarbeidsavtaler	1.1 Pandemisk influensa - Planlegge, gjennomføre og evaluere fellesøving om samarbeid ved pandemisk influensa	2020	Sjå eiga sak
	1.2 Tenesteavtale 8 - Revisjon av tenesteavtale 8 om svangerskap-, fødsel- og barselomsorg, og tilhøyrande rutine og særavtaler - Prosjekt «Forløp svangerskap, fødsel og barsel»	2020	Arbeidet har stoppa opp på grunn av den pågåande pandemisituasjonen.
	1.3 Tenesteavtale 4 - Fullføre revisjon av særavtaler knytt til tenesteavtale 4 om skildring av kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp – for dei kommunar det er aktuelt for.	Vår 2020	- Austevoll: Avtale utarbeidd og signert. - Bjørnafjorden: Avtale utarbeidd og sendt til signering - Bergen: Avtalearbeidet er i slutfasen - Voss: Avtale utarbeidd og signert - Askøy: Kontakt mellom partane er oppretta - Øygarden: Avtalearbeidet er i slutfasen - Kvam: Avtalearbeidet er i slutfasen
	1.4 Tenesteavtale 11 og 12 - Samarbeid om omforeina beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda - Revisjon av avtala	2020	På grunn av pandemisituasjonen er oppstart av revisjonsarbeidet forseinka, og dato for ferdigstilling av avtaleutkast må endrast. Arbeidsgruppa er kalla inn til oppstartsmøte i september.

	1.5 Særavtale om utdanningsløp <ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide særavtale for samarbeid om utdanningsløp for ALIS, og eventuelt og for LIS 2 og 3 i den grad det er aktuelt. 	2020	SSE har kalla inn til møte 23.september med leiar frå ALIS kontoret og UAO (Utdanningsansvarleg overlege) ved HDS og HUS for å sjå på prosessen vidare rundt ein ALIS særavtale.
	1.6 Årleg gjennomgang av avtaleverket	2020	Arbeid med gjennomgang av avtaleverket og endring av kommunenamn i tråd med ny kommunestruktur er gjennomført. Sjå eiga sak.
	1.7 Tenesteavtale 10 <ul style="list-style-type: none"> - Samarbeid om førebygging - Revisjon av avtale 	2020	Representantar til arbeidsgruppa er meldt inn frå partane. SSE kallar inn til fyrste møte i løpet av september.

Område	Tiltak	Tidsramme	
Oppfølging av andre samhandlings-initiativ	2.1 Prosjekt Langvarige og Koordinerte tenester (LKT-prosjektet) <ul style="list-style-type: none"> - Presentasjon av rapport/retteleiar som konkretiserer kva rammeverket er og korleis det kan brukast - Vurdere utprøving av tiltak 	Slutført	Rapport er ferdigstilt, presentert og publisert på saman.no Kunnskap og tiltak frå prosjektet vil kunne vidareførast i anna relevant utviklingsarbeid.
	2.2 Felles Utviklingsplan for samhandling <ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide plan og setje i verk tiltak 	2020	Sjå eiga sak.
	2.3 Prosjekt pasienten si legemiddelliste (PLL) <ul style="list-style-type: none"> - Planlegge og gjennomføre nasjonal pilot 	2020	E - helsedirektoratet har fått 45 MNOK til å realisere ein PLL pilot. Denne skal føregå i Bergen i samarbeid med Helse Vest, Haukeland, Haraldsplass, Bergen kommune og fastlegar i Bergen. Status for august er at PLL piloten har komme i gang: styringsgruppa og prosjektleiarar er på plass.

	2.4 Vidareutvikle saman.no	2020	SSE held fram med sitt redaksjonelle ansvar og har fått namn på ressursperson frå Kommunikasjonsavdelinga i Helse Bergen som skal hjelpe SSE og samhandlingspartane med vidareutvikling av nettsidene.
	2.5 Utarbeide retningslinjer for lege til lege samarbeid.	2020	Utkast til retningslinjer er klart og er send ut på innspelsrunde til partane med frist 16. september. MFU skal ha nytt møte i oktober.
	2.6 Digital samhandling Utvikle den digitale samhandlinga mellom kommunane og sjukehusa	2020	Presentasjon av <i>prosjekt Digitalisering helse i vest</i> . Skal ein få oversikt over relevante prosjekt under tiltakspunktet for å kunne vurdere ytterlegare behov for tiltak for å utvikle den digitale samhandlinga?
	2.7 Felles opplæringsprogram for å spreie bevissthet, kunnskap og kompetanse - Utarbeide felles opplæringsprogram for å spreie bevissthet, kunnskap og kompetanse omkring vurderingar av når er ein pasient er utskrivingsklar frå spesialisthelsetenesta. <ul style="list-style-type: none"> - Somatikk - Rus og psykisk helse 	2020	SSE er i gang med å kartleggja ulike løysningsalternativ for e-læringskurs, og har vore i kontakt med <i>Kurslab</i> og med <i>KS – læring</i> . SSE planlegg å undersøke sistnemnte alternativ meir grundig for å legge fram dei to alternativa til vurdering i AK og SU i nov/des.

